



Arkivnr: 2014/16447-1

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Per Morten Ekerhovd

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		03.06.2014

## Fordeling av museumsplanmidlar for 2014 på institusjon

### Samandrag

Saka gjeld fordeling av museumsplanmidlar for 2014 på dei einskilde institusjonane. Handlingsprogrammet 2014, Regional plan for museum 2011-2015, vart handsama og vedteken 11. mars i Fylkestinget, sak 6/2014. Her vart museumsplanmidlane på 2,1 millionar kroner fordelt på tiltak.

På møtet 13. mai i år, sak 57/2014, handsama Kultur- og ressursutvalet Olav H. Hauge-senteret si rolle i høve den regionale museumspolitikken. Eit positivt vedtak i denne saka er såleis teke omsyn til i fordelinga her. Det inneber at museumsplansatsinga skal omfatte ti institusjonar.

Utgangspunkt for tildeling av museumsplanmidlane på institusjon er museumsplanen sine overordna målsetjingar. Gjennom museumsplanmidlar gir fylkeskommunen oppgåver til musea som ikkje er direkte retta mot eiga verksemd, eller på område der ein ynskjer eit løft. Dei fleste musea har definerte oppgåver knytt til region, tema eller fellesoppgåver. I 2013 vart det etablert ei ordning der musea kunne søkje på sikringsmidlar. Søknadene som kom inn oversteig søknadssummen, og i saksutgreiinga som vart handsama av Kultur- og ressursutvalet 4. juni 2013, sak 64/13, vart det foreslått at restsummen vart dekkja gjennom museumsplanmidlar 2014. I tildelinga under tiltak 1 er såleis denne føresetnaden lagt til grunn. For restsummen under tiltak 1 er museumsbudsjetta 2014 grunnlag for fordeling. Oversikt over museumssøknadene er vedlegg i saka.

### Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet fordeler museumsplanmidlane, 2,1 millionar kroner, på institusjonsnivå, budsjettpost 400.660.52.14700, slik:

<i>Tiltak</i>	<i>Til fordeling (jf fylkestinget, PS 6/2014)</i>	<i>Fordeling på institusjon</i>
<b>Tiltak 1: Drift og investering</b>	600 000 kr  Av disse 264 325 kr. til sikringstiltak (søknad 2013)  Rest til fordeling 335 675 kr.	Bymuseet: 86 500 kr. Norsk Vasskraft- og industristadmuseum: 90 000 kr. Sunnhordland museum: 36 325 kr. KODE: 51 500 kr.  Sunnhordland museum: 65 675 kr. Bymuseet: 150 000 kr. KODE: 120 000 kr.
<b>Tiltak 5: Regionalt ansvarsmuseum</b>	300 000 kr.	Museumssenteret i Hordaland: 100 000 kr. Museumssenteret i Hordaland og Museum Vest: 50 000 kr. felles prosjekt Museum Vest: 150 000 kr.
<b>Tiltak 8: Tematisk ansvarsmuseum</b>	150 000 kr.	Baroniet Rosendal: 150 000 kr.
<b>Tiltak 10: Museum får ansvar for formidling av verdsarv</b>	100 000 kr.	Bymuseet og Museum Vest: 70 000 kr. til felles prosjekt Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum: 30 000 kr.
<b>Tiltak 23: Forvaltning av kunstnarheimar</b>	100 000 kr.	Olav H. Hauge-senteret: 100 000 kr.
<b>Tiltak 27: Krigs- okkupasjons- og forsvarshistorie</b>	100 000 kr.	Museum Vest: 100 000 kr.
<b>Tiltak 30: Digitalt museum og interaktiv kommunikasjon med publikum</b>	100 000 kr.	Bergens Sjøfartsmuseum: 50 000 kr. Museumssenteret i Hordaland: 50 000 kr.
<b>Tiltak 32: Felles plan for samlingsforvaltninga</b>	500 000 kr.	Museumssenteret i Hordaland: 500 000 kr.
<b>Tiltak 37: Kompetanseheving innan immateriell kunnskap</b>	50 000 kr.	Hardanger og Voss museum: 50 000 kr.
<b>Tiltak 44: Medverknad ved store jubileum</b>	100 000 kr.	Hardanger og Voss museum: 100 000 kr.
<b>Totalt</b>	<b>2 100 000 kr.</b>	<b>2 100 000 kr.</b>

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 14.05.2014**

I fordeling av museumsplanmidlar 2014 på institusjon er utgangspunktet dei overordna måla i museumsplanen. Dei fleste musea har i museumsplanen definerte oppgåver knytt til region, tema og/eller fellesoppgåver. Storleiken på utfordringane vil variere for museum med regionale ansvarsoppgåver. Regionale ansvarsmuseum er Museum Vest, Bymuseet i Bergen, Museumssenteret i Hordaland, Hardanger og Voss museum og Sunnhordland museum. Her vil ein nemne utfordringane til Museum Vest med Espeland fangeleir og elles store oppgåver innan krigs- og okkupasjonshistoria, og for Museumssenteret i Hordaland med mange private og kommunale samlingar i sitt geografiske område. Ei fellesoppgåve for Museum Vest og Museumssenteret i Hordaland er utgreiing om Bjørn West-museet.

For tiltak 1, drift og investering, vart det i 2013 lyst ut ei ordning for sikringstiltak knytt til tjuveri, brann og klima. Søknadssummen oversteig ramma for tildeling, og i saksutgreiinga vart det lagt fram forslag om at museumsplanmidlane for 2014 kunne oppfylle søknadene. Restsummen er kr. 264 325,-.

I Kultur- og ressursutvalet sitt møte 13. mai i år, sak 57/2014, vart Olav H. Hauge-senteret og tilhøvet til museumsplanmidlar diskutert, med vedtak om at senteret frå og med tildeling av museumsplanmidlar 2014 skulle likestillast med dei andre konsoliderte musea: Baroniet Rosendal, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, Sunnhordland museum, Bergens Sjøfartsmuseum, KODE, Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss museum, Museum Vest og Museumssenteret i Hordaland. Olav H. Hauge-senteret har i forslaget som ligg føre fått tildelt 100 000 kroner for å greie ut om samarbeidsformer og tema med andre konsoliderte museum i Hordaland.

Tabellen under viser forslag til fordeling av museumsplanmidlar, 2,1 millionar kroner på institusjonsnivå med kommentar om tildeling. Elles viser ein til sak 6/2014 i Fylkestinget der det er gitt retning og grunngjeving for satsingar.

Tiltak	Sum til fordeling	Fordelt til institusjon	Om tildelinga
<b>Tiltak 1 drift og investering</b>	600 000 kr, fordelt som: <b>264 325 kr</b> til søknader om sikringsmidlar i 2013.  <b>335 675 kr</b> basert på museumsbudsjett	Bymuseet: 86 500 kr NVIM: 90 000 kr KODE: 51 500 kr Sunnhordland museum: 36 325 kr  Bymuseet: 150 000 kr  KODE: 120 000 kr  Sunnhordland museum: 65 675 kr	NVIM og Sunnhordland museum fekk ikkje sikringsmidlar i 2013, medan summen til Bymuseet og KODE representerer rest søknadssum 2013  Inventar Håkonshallen  Yttarlegare sikringstiltak  Opprusting Sæbøtunet
<b>Tiltak 5 Regionalt ansvarsmuseum</b>	300 000 kr	Museumssenteret i Hordaland: 100 000 kr  Museumssenteret i Hordaland/Museum Vest: 50 000 kr  Museum Vest: 150 000 kr	Utfordringar som regionalt ansvarsmuseum  Utgreiing om Bjørn West-museet  Prosjektoppgåver i høve Espeland fangeleir
<b>Tiltak 8 Tematisk ansvarsmuseum</b>	150 000 kr	Baroniet Rosendal: 150 000 kr	KODE, NVIM og Baroniet er tematiske ansvarsmuseum. KODE og NVIM har fått midlar tidlegare
<b>Tiltak 10 Museum får ansvar for formidling av verdsarv</b>	100 000 kr	Bymuseet/Museum Vest: 70 000 kr  NVIM: 30 000 kr	Vidareføring av Bymuseet og Museum Vest sitt formidlingsprosjekt om verdsarvstaden Bryggen.  NVIM har store oppgåver knytt til Tyssedal og Odda
<b>Tiltak 23 Forvaltning av kunstnarheimar</b>	100 000 kr	Olav H. Hauge-senteret: 100 000 kr	Utgreiing om samarbeidsoppgåve Olav H. Hauge-senteret kan/skal ha med andre museum i Hordaland
<b>Tiltak 27 Krigs-okkupasjons- og</b>	100 000 kr	Museum Vest: 100 000 kr	Har ansvar for dette teamet i

<b>forsvarshistorie</b>			museumsplanen
<b>Tiltak 30 Digitalt museum og interaktiv kommunikasjon med publikum</b>	100 000 kr	Bergens Sjøfartsmuseum: 50 000 kr Hardanger og Voss museum: 50 000 kr	Museumsplanen legg vekt på eit større løft på området. Tidlegare har Baroniet Rosendal og Sunnhordland museum fått midlar til å styrkje satsinga
<b>Tiltak 32 Felles plan for samlingsforvaltning</b>	500 000 kr	Museumssenteret i Hordaland: 500 000 kr	Museumssenteret har ansvar på vegne av alle musea til å gjennomføre plan og arbeid med fellesmagasinet.
<b>Tiltak 37 Kompetanseheving innan immateriell kunnskap</b>	50 000 kr	Museumssenteret i Hordaland: 50 000 kr	Museumssenteret har stor vekt på immateriell kunnskap i si verksemd, mellom anna gjennom Osterøy museum
<b>Tiltak 44 Medverknad ved store jubileum</b>	100 000 kr	Hardanger og Voss museum: 100 000 kr	Museet har store satsingar under Grunnlovsmarkering - særleg utstillingsarbeid ved Hordaland fylkeskommune sin tusenårsstad Kabuso
<b>Totalt</b>	<b>2 100 000 kr</b>	<b>2 100 000 kr</b>	

Fordeling av 335 675 kroner under tiltak 1 drift og investering er basert på museumssøknader, sjå vedlegg.

Fordeling av ordinære museumsplanmidlar på institusjon 2012, 2013, 2014:

Institusjon	Tildelt 2012	Tildelt 2013	Forslag 2014
Baroniet Rosendal	-	50 000	150 000
Bergens Sjøfartsmuseum	-	153 000	50 000
Bymuseet i Bergen	100 000	298 500	271 500
Hardanger og Voss museum	200 000	450 000	150 000
KODE-Kunstmuseene i Bergen	200 000	248 500	171 500
Museumssenteret i Hordaland	900 000	350 000	675 000
Museum Vest	175 000	200 000	310 000
Sunnhordland museum	325 000	100 000	102 000
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum	100 000	150 000	120 000
Olav H. Hauge-senteret	-	-	100 000
<b>Totalt</b>	<b>2 000 000</b>	<b>2 000 000</b>	<b>2 100 000</b>

Løyvingane til Museumssenteret i Hordaland skil seg ut. I all hovudsak er dette til fellesprosjekt/fellesutstyr som kjem alle musea til gode: 900 000 kr i 2012 var til varmekammer Bevaringstenestene/Fellesmagasinet, 350 000 kr i 2013 var til felles samlingsforvaltingsplan, og 500 000 kr i 2014 til felles samlingsforvaltingsplan, inkludert arbeid med Bevaringstenestene/Fellesmagasinet.